



Stølsheimen
verneområdestyre

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre

Møtestad: Voss, Park hotell Vossevangen

Dato: 02.12.2022

Tidspunkt: 10:00 - 13:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Hauge	Leiar	Voss herad
Liv-Anne Aanesen	Nestleiar	Modalen kommune
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	Vestland fylkeskommune
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune
Petter Sortland	Medlem	Høyanger kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Styremedlem Petter Sortland deltok digitalt på møtet via Teams.

Andre frammøtte:

SNO - Kristoffer Ullern Hansen

Andre frammøtte:

Namn

Anbjørg Nornes

Ivar Optun Andersen

sekretær / verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Sigbjørn Hauge

Marta Sofie Vange

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 30/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 31/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 32/22	Orienteringar og referatsaker		
RS 14/22	Høyring - Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse - Sogn og Fjordane		2022/11611
RS 15/22	Notat - senking av vasstanden i Vassøyane - Stølsheimen landskapsvernområde	X	2022/9567
ST 33/22	Stølsheimen landskapsvernområde - Hallsetstølen - Solcellepanel		2022/14394
ST 34/22	Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2023		2022/16048
ST 35/22	Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan og SNO-ressursar 2023		2022/15789

ST 30/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

Innkalling og dagsorden vart lagt fram til godkjenning.

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 31/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

Framlegg på Marta Sofie Vange til å skriva under protokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Marta Sofie Vange vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

ST 32/22 Orienteringar og referatsaker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

Referatsakene vart lagt fram til orientering.

Forvaltar sender skriv til Evyny AS og NVE om søknadsploktig for tiltak i Stølsheimen landskapsvernområde.

Retningslinjer for handsaming av søknader om solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde vert lagt fram som sak i neste møte i Stølsheimen verneområdestyre.

Vedtak

Referatsakene vart tatt til orientering.

ST 33/22 Stølsheimen landskapsvernområde - Hallsetstølen - Solcellepanel

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

Styret arbeider med retningslinjer for søknad om solcellepanel i verneområdet, og ventar på uttale frå kulturavdelinga i Vestland fylkeskommune. Styret utset difor saka til neste styremøte som er i februar.

Vedtak

Saka er utsett til styremøte i februar 2023.

ST 34/22 Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2023

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar. Fyrste styremøte i 2023 vart fastsett til 10. februar på Voss.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2023 for å handsame saker i verneområdestyre, og fylgje opp tiltak i forvaltningsplan og besøksstrategien.

Styret tek sikte på fylgjande årshjul:

10. februar:	Møte med fordeling av tiltaksmidlar
April:	Styremøte
Juni:	Styremøte
Aug./September:	Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval
November:	Styremøte/planleggingsmøte

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta, kan eit møte avlysast eller utsettast. Styre kan avgjera om nokon av møta kan gjennomførast som digitale møte. Styret vedtek driftsbudsjett for 2023. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen 10. januar 2023.

Driftsutgifter for styret	
<i>Møtegodtgjering for styret</i>	63 770
<i>Reiseutgift</i>	12 000
<i>Møteutgift inkl. dialogmøte med RU</i>	50 000
<i>Drift av nettside - besøksforvaltning</i>	5 000
<i>SUM driftsutgifter</i>	130 770
<i>Utgreiing skjøtselsplan Finnafjorden og Finden</i>	30 000
<i>Berekna kostnader</i>	160 770

ST 35/22 Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan og SNO-ressursar 2023

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

Tiltaksplanen for 2023 vart vedtatt med eit tillegg: 15 000 kroner til slått av sølvbuketuer på stølsbøen i Mørkves-Grøndalen.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre vedtek tiltaksplan og bestilling av SNO-ressursar for 2023. Forvaltar kan i samråd med styreleiar justera budsjettet før det blir sendt til Miljødirektoratet innan fristen 10. januar 2023.

Tiltaksplan for Stølsheimen 2023		
Kort omtale av tiltak	Budsjett	Prioritering
Skjøtsel av kulturlandskap		
Prosjektleiing	25 000	1
Sylvarnesdalen - slått selbøen	10 000	2
Smørklepp og Fidnaselbøen - slått med ryddesag	6 000	3
Negardstølen, tistelfjerning, nyrenningar	5 000	4
Rosete - tistelfjerning	5 000	5
Skjøtsel i Finnabotnen jf. Skjøtelsplan, Botnastølen, Flåten, innmark rundt tunet. Styva 2 almar (10 000 pr. tre)	35 000	6
Hest - rydde sprake	15 000	7
Ytstestølen - ettersyn	2 000	8
Solrenningane - tueslått	30 000	9
Bjørkestølen, rydde skog i randsona	15 000	10
Åsedalen og Hallsetstølen, ettersyn	5 000	11
Vatnane - fjerna tre og kratt	20 000	12
Brydalen - rydde tre og kratt	20 000	13
Mørkves-Grøndalen - slått av sølvbuketuer	15 000	14
Skjøtsel av stølsveggar og stiar		
Planlegging, restaurering av buføresti frå Ålrek til Skardsvatnet	30 000	15
Sti til Åsehidleren, rydda	10 000	16
Sti Finnabotnen - Fagerdalen, etter-rydding	10 000	17
Sti Finnabotnen til Vetlehovden	10 000	18
Tilretteleggingstiltak		
Bru til Granden, ferdigstilling	5 000	19
Opprydding strandsona, søppelplass	50 000	20
Vedlikehald på stien i Sendedalen	30 000	21
Informasjonstiltak		
Planlegging av infrastruktur innfallspørt Modalen og Voss	100 000	22
Parkeringsplass på Brekke i Ortnevik	30 000	23
Design temaskilt 2000 x 5 = 10 000 + kart 5000 x 4 = 20000	30 000	24
Innkjøp skilt (2 små, 2 treskilt, 4 ekstra skiltplater)	93 000	25
Montering av skilt (Høyanger, Vik, Voss og Modalen) ca 20 000 pr. skilt, 10 stk	200 000	26
SUM	806 000	

Bestilling av SNO-ressursar 2023
Kontroll dispensasjonssaker
Kontroll motorferdsel vinter - Vikafjellet
Kontroll, byte av verneskilt
Registrera solcellepanel på bygningar i verneområdet
Tilsyn skjøtelsarbeid i kulturlandskapet, delta i skjøtsel - Brydalen

Delta på møte med verneområdestyre og RU
--

Oppsett av enkle temaskilt
